

# Årsmelding 2015

## Ogna sokneråd



DEN NORSKE KYRKJA

# Ogna sokn



### Innhald:

<i>Innleiing / Statistikk</i>	s. 2
<i>Diverse hendingar/offer</i>	s. 4
<i>Tilsette, frivillige</i>	s 5
<i>Utval</i>	s 6
<i>Årsmelding trusopplæringsutvalet</i>	s 7
<i>Årsmelding diakoniutval</i>	s 9
<i>Årsmelding kyrkjelydsbladet</i>	s 11
<i>Takk</i>	s 12

## **Ogna Sokneråd 2015:**

Olav Tangen - leiar  
Liv Blindheim - nestleiar  
Sven Austbø  
Lillian Sirevåg  
Marit Herredsvela  
Oddny Søyland  
Sigmund Kindervåg  
Anne Lise Norunn Seljehaug Kindervåg  
Roald Byberg – sokneprest

Tor Wesnes – sekretær

## **Ogna Sokneråd 2015 frå og med 01.11.2015:**

Svein Olav Blindheim – leiar  
Sven Austbø – nestleiar  
Synnøve Løge  
Sigmund Olsen  
Malena Tangen  
Oddny Søyland  
Jørgen Haugland  
Roald Byberg – sokneprest

Tom Magne Ueland – daglig leder

## **Hovudoppgåver**

Soknerådet skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjeres for å vekke og nære det kristelige liv i soknet, særlig at Guds ord kan bli rikelig forkynt, syke og døende betjent med det, døypte gis dåpsopplæring, barn og unge samlet om gode formål og legemlig og åndelig nød avhjulpet.

Soknerådet har ansvar for at kirkelig undervisning, kirkemusikk og diakoni innarbeides og utvikles i soknet. (Kyrkjelova § 9)

Soknerådet har hatt 11 møter og 34 saker er handsama.

- Visjon for perioden 2011 – 2015 har vært:  
**Med Jesus – Ut i kvardagen.**

### **Følgende planer ble godkjent i 2015 for Ognå Sokn**

- Lokal plan for trosopplæring
- Lokal plan for diakoni
- Lokal grunnordning for gudstenestene

### **Gudstenester og kyrkjelege handlingar**

	<b>2010</b>	<b>2011</b>	<b>2012</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>
<b>Døypte:</b>	23	37	27	32	32	28
<b>Konfirmerte</b>	19	29	16	20	26	22
<b>Vigde:</b>	11	10	12	8	10	10
<b>Gravferder:</b>	19	19	17	9	16	6
<b>Gudstenester (sun- og heilagdagrar):</b>	55	62	54	62	56	54
<b>Familiegudstenester</b>	7	7	6	6	15	12
<b>Gudstenestedeltakarar</b>	3904	4827	3628	4154	3970	4134
<b>Nattverdgjester:</b>	1028	1025	897	1071	789	1148
<b>Gjennomsnitt pr. gudsteneste:</b>	71	74	67	63	70	62

## Diverse hendingar gjennom året

- Andaktar på Olsvoll bu- og velferdssenter 2 gonger pr. månad.
- Bønetenesta – kvar vekedag.
- Babysong – «Gynge lite grann»
- Konfirmantane har fått bibel.
- 4- åringane har fått barnebibel.
- 6 – åringane har fått boka ”Tre i et tre”.
- 11 – åringane får N.T. ”Godt Nytt”
- Sokne- og bispedømevalg

## Samarbeidsavtale om misjon med Normisjon og Israelsmisjonen held fram.

- Ogna kyrkjelyd gir 6 offer i året til NOR- misjonen sitt arbeid.
- Gir to offer i året til Israelsmisjonen
- Dåpsklutar – minne om dåpsdagen og dåpshandlinga blir gitt til alle dåpsbarn.

## Bruk av ressursar

	2010	2011	2012	2013	2014	2015
<i>Offer totalt:</i>	126.666	123.154	100.400	112583	124742	196475
<i>Til eige arbeid:</i>	38.729	31.531	19.804	29516	27936	95292
<i>Andre org:</i>	87.937	91.623	80.594	83067	96806	92183
<i>Gåver/gjevarteneste</i>		97.300	104.800	105000	9000	9000

## Utgifter til eige arbeid

Rammer til dåpsbilete  
Bøker til 4- og 6- åringar  
Biblar til nygifte  
Dåpsklutar  
Blomar (80 – 85 - 90 år og 90 +)  
Blomar til kyrkja høgtidsdagar  
Mat til diverse tilstellingar/sokneråd  
Kyrkjekaffi/frukost  
Utstyr til babysong  
Bankterminal  
Bygdadag  
Løn familiarbeidar

## Tilsette

Sokneprest Roald Byberg (100% stilling)  
Organist Geir Palle Haarr (30 % stilling)  
Klokkar Svein Olav Blindheim (11 % stilling)  
Familiarbeidar Åslaug Lindland (10 % stilling)  
Trusopplærar Johanne Dahlstrøm Ånestad (50%)  
Sekretær Tor Wesnes (15 %) – sluttet 01. september  
Daglig leder Tom Magne Ueland (30%) – startet 01. september  
Menighetsutvikler Stokkalandsmarka Tom Magne Ueland (50%) – startet 01. september  
Kyrkjetenar Anne Brit Haugstad  
Kyrkjetenar og reinhaldar Norvald O. Person  
Fast vikar kyrkjetenar Olav Waldeland  
Diakon Torild Egeland Reime – hele Hå  
Kyrkjeverge Svein Olav Nesse

I Ogn sokn er Varhaug sokneråd med og bidrar med trusopplæring for de som bur i Stokkalandsmarka med 20% lønsmidler til trusopplærar.  
Gravferder og bryllup organiseres fra Hå Kyrkjekontor.

Tilsette i Ogn sokn gjer ein flott innsats for arbeidet i soknet, og soknerådet vil rette ein stor takk til alle tilsette. Men det er lite som kan gjennomførast utan dugnadsinnsatsen som frivillige gjer.

Me vil spesielt takka:

- dei som ber for kyrkja heime og i bønegrupper
- gjevarar
- kyrkjevertar
- forbedarar i gudstenesta
- medhjelparar til kyrkjekaffi
- medlemmar i trusopplæringsutval, gudstenesteutval, diakoniutval, menighetsutviklingsutval i Stokkalandsmarka
- medhjelparar i alle trusopplæringstiltak
- alle som åpnar heimane sine for konfirmantane
- musikarar og songarar
- dei som pynter og ryddegrupper i kyrkja
- dei som går på besøk med på åremålsdagar
- arrangørar av bygdadag og felles samlinger
- redaksjonen i kyrkjelydsbladet
- medarbeidarar til familiegudstenestene

Ogna sokneråd er svært takksame til alle som bidrar med frivillig aktivitet i soknet. Det er mykje dugnadsinnsats som blir gjort på mange ulike arenaer – både på sundagar og i vekene - for born, vaksne og eldre, i bøn og gjennom aktiv deltaking i aktiviteter og utval. Tusen, tusen takk for all tida og kreftene de bruker i arbeidet!

Særskilt vil me løfta fram Varhaug sokn og fellesrådet som er med og støtter opp om arbeidet i Stokkalandsmarka, samt bedehusa på Mattingsdal, Brusand, Ogna og Sirevåg som driv størsteparten av det kontinuerlege arbeidet for både born, ungdom og vaksne. Soknerådet set stor pris arbeidet som blir gjort på bedehusa.

Me vil òg takka Hå kommune for godt samarbeid i 2015.

### ***Utval og komitear - årsmeldingar***

#### **Gudstenesteutvalet**

Liv Blindheim

Svein Olav Blindheim

Geir Palle Haarr

Olav Tangen

Roald Byberg

Utvalget har hatt 1 møte i 2015

#### **Utval for menighetsutvikling i Stokkalandsmarka**

Erik Høidahl

Jan Gunnar Mattingsdal

Jørgen Haugland

Gunn Terese Eiken

Tom Magne Ueland

Johanne D. Aanestad

Roald Byberg

Utvalget har hatt 5 møter i 2015. I tillegg har en hatt ei samling på Agenda 1. Menighetsutvikler har i tillegg vært med NMS nettverket Fokus på ei samling.

## Årsmelding for trusopplæringsutvalet i Ognå sokn 2015

**Medlemmar: Liv Blindheim, Roald Byberg, Liv Lende Olsen, Johanne D Aanestad og Malena Tangen (frå oktober).**

Leiar: Liv Lende Olsen

I 2015 har utvalet hatt 1 møte.

### **Dette er saker me har arbeidd med:**

1. Utdeling av 4 årsboka. Både i Stokkalandsmarka og i Ognå.
  - Samling laurdag og gudsteneste sundag.
  - 34 barn deltok, av dei var fem ikkje medlemmar.
  - Barnebibel og lam vart utdelt
  - Borna laga mosekors. Takk Gud at du er glad i meg – alltid!
  
2. Oppgåver i samband med konfirmasjonsopplegget.
  - Sokneprest ordner vakter til konf-cup
  - Trusopplæringsutvalet har ansvar for å skaffe heimegrupper.
  - Me skaffa tre heimegrupper.
  
3. 24 Hours Festival.
  - Johanne hadde ansvar for å skaffe leiarar.
  - 25 born frå Ognå sokn deltok.
  
4. Dåpsskulen.
  - Planlegging og gjennomføring
  - 5 samlingar pluss gudsteneste
  - 9 barn deltok.
  - Boka Den usynlege venen av Kari Vinje vart utdelt..
  
5. Barneopplegg 1. juledag, 1. påskedag og 1. pinsedag.
  - Trusopplæringsutvalet har ansvar for å skaffe ansvarlege til å leia barneopplegget.
  
6. Lys Våken.
  - Avlyst på grunn av for få påmeldte.
  
7. Trusopplæringsplan.
  - I år vart trusopplæringsplanen innlevert, og godkjent.

### **8. BiPiKi**

- Trusopplæringsutvalet har ansvar for gjennomføring.
- 10 barn deltok.

### **9. Foreldrekveld.**

- Jarle Waldemar leia oss i foreldrekveld med fokus på Tru på heimebane. Me sendte ut brev til foreldra til toåringane i soknet. Oppmøte ca 70 stk. Me kokte kaffi og laga kaker.

### **10. Barabbas-samling.**

- For 5 og 6 åringane.
- Fyrste gong i Ognå Kyrkje.
- 12 born deltok.

### **11. Nytt dåpsbilete.**

- I 2015 har vi saman men Varhaug sokn fått laga eit nytt dåpsbilete. Det er Bibeltypografi som far laga bilete. Me ynskjer å utforme fadderkort med same uttrykk. Meldingssak til sokneråd kjem i 2016.

Me vil retta ein stor takk til alle som har bidrege til dette viktige arbeidet. Både gjennom bøn, økonomiske midler og praktisk gjennomføring. Jesus til borna!

For trusopplæringsutvalet,  
Johanne D Aanestad



# ÅRSMELDING 2015

## Ogna diakoniutval

Diakoniutvalet har i 2015 vore samansett slik: Ståle Berland leiar, Kirsten Stokkeland, Grethe Wesnes, Lillian Sirevåg representant frå soknerådet og Roald Byberg sokneprest. Utvalet har hatt 4 møter og arbeidd med desse sakene:

- **Åremålsbesøk**

Besøk ved kvart 5. år frå fylte 80. Marit Herredsvela og Svein Olav Blindheim gjer denne fine tenesta til 80 og 85 års-jubilantane. Roald Byberg besøkjer dei som er 90 år og eldre.

- **Dagseminar om sorg 26. februar**

Foredrag med Odd J. Eidner: «*Hvordan snakke sant om livet i glede og i sorg*» Grethe deltok på dette.

- **Fasteaksjonen 24. mars**

Konfirmantane av året går med bøsser, diakoniutvalet er med på gjennomføringa.

Resultat: kr. 24 627

- **Pinseblomster på Olsvoll**

Har starta opp att dette tiltaket. 20 elevar og 2 lærarar frå 6. klasse på Ogna skule gjekk med blomster til bebruarane på Olsvoll. Programmet var enkelt og det var god tid til drøss og historiar. Det vart ein positiv opplevelse både for bebruarar, personale, elevar, lærarar, Kirsten og Torild.

- **«Livsmot i mørket» 29. oktober**

Jostein H. Sandmark fortalde om tida etter Bjørkelangen-ulykka, der dottera Sara og venninna Tiril blei påkjørt og drept. Soknerådet og diakoniutvalet arrangerte denne kvelden.

- **Minnegudsteneste 1. november**

Minnegudsteneste over dei som gjekk bort i tidsrommet frå nov. 2014 til nov. 2015. Etterlatne fekk invitasjon pr. brev. Soknepest Roald Byberg har ansvar for gudstenesta saman med diakoniutvalet. Utvalet deltek i gudstenesta og har ansvar for kyrkjekaffi etterpå.

- **Diakoniens dag 15. november**

Gudsteneste der det vert lagt spesiell vekt på forkynning av og informasjon om diakoni. Diakonen leia forbøna og utvalet hadde kyrkjekaffi. Det vart informert om gjevarteneste til diakoniarbeidar.

- **Fellesskapskveldar**

Diakoniutvalet har teke ansvar for å få i gang dette igjen. Samarbeid mellom Imf, soknerådet og diakoniutvalet. Kjell Aanonsen har hatt 3 kveldar i haust, med fokus på kommunikasjon.

- **Anna diakonalt arbeid i kyrkjelyden:**

Fellesskapskveld/misjonskveld, bibelgrupper og foreningar, andaktar på Olsvoll, organisert bønedeneste fem dagar i veka i kyrkja og privat. Samlivsarbeid «To på same kurs» og støttegrupper m/sorg og samlivsbrudd. Pilegrimsvandringar, KIA og Onsdagskaffien og tilrettelagt gudsteneste er felles for heile Hå.

Nærbø 26. januar 2016

Ståle Berland  
Leiar

Torild Egeland Reime  
Diakon og sekretær

## Årsmelding for kyrkjelydsbladet 2015

Kyrkjelydsbladet har i 2015 kome ut med 4 nummer. Vi har valt eit tema for kvart av blada;

1. Eldsjeler
2. Ferie
3. Viktige vegval
4. Hjarterom og husrom

Styret har vore: Jan Gunnar Undheim som vart leiar, Ståle Berland, og Ingrid L. Wold.

Styret har hatt eitt møte.

Kyrkjevevja har vore ansvarleg redaktør og forretningsfører for bladet.

I redaksjonen har desse vore med: Anna Bergitte Skårland (frå staben), Inger Kristine Løge, Brit Obrestad og Tor Syvert Aass. Redaksjonen har eit godt samarbeid med dei tilsette.. Redaksjonen er med på stabsmøte der vi kjem fram til tema for bladet og fordeler arbeidsoppgåvene med neste nummer.

I 2015 blei produksjon, layout og trykk flytta til Jærprint. Dette gav oss ein betydeleg økonomisk innsparing. Opplaget er 7400 eksemplar. Bladet blir distribuert til alle husstandar i Hå kommune. I tillegg er det nokre personar samt institusjonar som får bladet tilsendt.

Sal av annonsar blir gjort på dugnad og saman med inntekter som frivillig kontingent er dette dei økonomiske rammene ein har å arbeida utifrå.

Utsending av bladet har i 2015 skjedd via posten/ Bring.

Styret vil takke alle friviljuge medarbeidarar som legg ned ein stor innsats og engasjement for å realisere bladet.

For kyrkjelydsbladet  
Svein Olav Nesse

Jan Gunnar Undheim  
Wold.

Ståle Berland

Ingrid L.

## Glimt fra for Ogna sokn 2015. «Med Jesus ut i kvardagen!»

### Møte med ulike organisasjonar

Ogna Sokneråd har hatt eit møte med styra i dei forskjellige lag og organisasjonar i alle bedehusa i soknet, Sirevåg, Ogna, Brusand og Mattingsdal, våren 2015. Dette er eit kontinuerlig arbeid.

### «Gynge lite grann.»

Dette er tilbod med babysang i Ogna Kyrkje for 1-3 åringar annankvar fredag føremiddag. Her er det Åslaug Lindland og Malena Tangen som har ansvaret, i tillegg til Grethe Westnes og Kirsten Stokkeland.

Det er også ei avdeling i Stokkalandsmarka ved Johanne D Aanestad. Ho har to grupper. Først frå 0-1 og 1-5 år. Ho brukar vellaget sitt hus.

### 24-hours

«24- hours» er ein festival for 5.-7. klassingane i heile Hå, og finn stad i Loen på Nærbø. Dette var i år 24. – 25. oktober

**Bygdadagen** ble gjennomført i april saman med mange andre grupper i soknet.

**2. pinsedag , Olsok og Kristi-himmelfartsdag.** Dette er gudstenester som me er med på saman med Varhaug og Nærbø. Dei to første er på Varhaug gamle kyrkjegard, og den siste på Synesvarden.

**Friluftsgudsteneste** dette året var i Stokkalandsmarka barnehage, inne pga dårlig vær.

I tillegg vil vi nemne møteaksjonen i juni og fellesskapskveldane på hausten, der vi hadde ett flott samarbeid med ImF Brusand, Ogna og Sirevåg.

### TAKK

Soknerådet vil gjerne oppmuntre medlemene til å bruka heimesida. Den finn de på denne linken: <http://www.haa.kyrkja.no/> SR rettar elles ein stor takk til frivillige medarbeidarar og stab for arbeidet i 2015.

Ogna februar 2016

Svein Olav Blindheim

Leiar i Ogna sokneråd

